

Arkiv: FE-080
JournalpostID: 20/672
Saksbehandlar: Martin W. Kulild
Dato: 07.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
004/20	Valnemnda	20.02.2020
017/20	Alver kommunestyre	20.02.2020

Søknad om permisjon/midlertidig fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Øyvind Bratshaug blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Ander Ingar Solheim vert vald som nytt fast medlem i utval for næringsutvikling og drift, til og med 31.07.20.

Valnemnda 20.02.2020:

Behandling:

I rådmannen sitt framlegg vert fast medlem vert endra til settemedlem. Rådmannen sitt framlegg med endring til settemedlem vart samrøytes vedteke.

VALN- 004/20 Vedtak:

Øyvind Bratshaug blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Anders Ingar Solheim vert vald som settemedlem i utval for næringsutvikling og drift, til og med 31.07.20.

Alver kommunestyre 20.02.2020:

Behandling:

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet.
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

KO- 017/20 Vedtak:

Øyvind Bratshaug blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 31.07.20.

Anders Ingar Solheim vert vald som settemedlem i utval for næringsutvikling og drift, til og med 31.07.20.

Politisk handsaming:

Saka skal til innstilling i valnemnda
Saka skal avgjerdast i kommunestyret

Saksopplysninger:

Øyvind Bratshaug, FRP, søker fritak frå politiske verv i perioden 01.01.2020 – 31.12.2021:

Med heimel i kommuneloven § 15, fins bestemmelse om at kommunestyret «kan etter søknad fritta, for eit kortere tidsrom eller resten av valgperioden. Den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet»...osv.

Bakgrunnen for søknaden er at arbeidssituasjonen er blitt meir omfattande etter at selskapet eg leiar har vunne større kontraktar nyleg. I tillegg har eg siste del av eit MBA studie å fullføre.

Det søkes om fritak frå 1.1.2020-31.12.2021

Mvh

Øyvind Bratshaug

Vurdering:

Lova seier at en person kan søke seg friteke frå vervet, midlertidig eller for resten av valgperioden. Kommunestyret skal leggje vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent før den folkevalgte samtykka i å verte vald. I søknaden skriv Bratshaug at bakgrunnen for søknaden er at arbeidssituasjonen er blitt meir omfattanda etter selskapet han leiar har nyleg vunne større kontraktar. Han har og siste del av eit studie å fullføre.

Nye argument er difor kontraktane som er vunne, studiene var kjende på tidspunkt han tok val.

Om kommunestyret vil etterkome søknaden, vert det til kommunestyret opprykk frå varalisten, og det er ikkje naudsynt med val. Til utval for næring og drift kan kommunestyret velje settemedlem. Kommunestyret må følgje

rekkefølga på lista over varamedlemmer.

Frå rundskriv om konstituerande møte (H-4/19):

9.2 Val av settemedlem

Føresegna i kommunelova § 7-10 andre ledd er ny i den nye lova, og gjev reglar om val av settemedlem. Dersom ein folkevald person i eit anna organ enn kommunestyret har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein settemedlem i den perioden. For at kommunestyret kan velje settemedlem, må det altså vere gjeve eit fritak. Kommunestyret kan ikkje velje ein settemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak.

Kommunestyret må følgje rekkefølga på lista over varamedlemer ved val av settemedlem. Dersom personen som har fått fritak også er medlem av kommunestyret, må det kallast inn ein varamedlem for vedkomande til kvart kommunestyremøte etter føresegna i § 7-10 første ledd.

Kommuneloven:

§ 7-9.Uttreden og fritak

.....Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over

§ 7-10.Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

.....Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.

Arbeidsmiljøloven

§ 12-13.Offentlige verv

Arbeidstaker har rett til permisjon fra arbeid i det omfang det er nødvendig for å oppfylle lovbestemt møteplikt i offentlige organer.

Øyvind Bratshaug-FRP har fylgjande verv i Alver:

- Medlem kommunestyret
- Medlem utval for næringsutvikling og drift

- 7.Varamedlem formannskapet (for SP/H/FRP)